

Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest

Tid: 19. desember 2013 kl. 09:30 – 14:30
Møtestad: Clarion Hotel Bergen Airport, Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse på konferansetelefon.

Deltakarar frå styret:

Ragnhild Osmundsen	Leiar
Clara Øberg	Nestleiar
Wenche Haffnes Andresen	Styremedlem
Kjetil Hustoft	Styremedlem
Lisbet Karin Nærø	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Odd Søreide	Styremedlem
Marianne Saugestad	Styremedlem
Nina Carstens	Styremedlem
Bente Mari Rolfsnes	Styremedlem

Forfall frå styret:

Deltakarar frå administrasjonen:

Jannicke Daae Tønjum, Administrerande direktør
Ola Rye, Økonomisjef



Sakliste

Ope del

- | | | |
|-----------|-----|---|
| Sak 62/13 | B | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 63/13 | B | Godkjenning av protokoll frå styremøte 07.11.2013 |
| Sak 64/13 | O | Orientering frå administrerande direktør |
| Sak 65/13 | O | Rapport frå verksemda per november 2013 |
| Sak 66/13 | B | Risikovurdering 3. tertial 2013 |
| Sak 67/13 | B | Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2013 |
| Sak 68/13 | B/O | Eventuelt
Skriv og meldingar |

Lukka del

- | | | |
|-----------|---|--|
| Sak 64/13 | O | Administrerande direktør si orientering pkt. 5
u. off. jf. Offentleglova § 23.1 |
| Sak 69/13 | B | Budsjett for Sjukehusapoteka Vest HF 2014
u. off. jf. Offentleglova § 23.1 |
| Sak 70/13 | B | Styre si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør
u. off. jf. Offentleglova § 14 første ledd |

B 62/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Forfall:

Ingen forfall

Dokument delt ut i møte:

Sjå opplisting sist i referatet.

Eventuelt

Behov for endring av møtested for styremøtet i juni 2014.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.



B 63/13 Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 07.11.2013

Oppsummering:

Styret gjorde oppmerksom på at det under Sak 47/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden feilaktig framkjem at det ikkje var forfall på styremøtet 7. november 2014. Som det rett kjem fram og protokollens første side hadde Bente Mari Rolfsnes forfall på dette møtet. Protokollen blei i møte endra i høve til dette.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 7. november 2013.

O 64/13 Orientering frå Administrerande direktør

Oppsummering:

Ope del:

- 1. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
Ingen nye saker.
- 2. Oversikt tilsyns-, kontroll- og klagesaker**
Ingen nye saker.
- 3. Oversikt over aktuelle høyringar**
Oversikt låg ved, og vert fortløpande oppdatert.
- 4. Styresaker til oppfølging**
Oversikt låg ved, vert fortløpande oppdatert.

Lukka del:

- 5. Utvikling i ESA-saka – u. off. jf. Offentleglova §23.1**
Det vart kort orientert om utvikling i saka, og gjort ein kort drøfting i styret på korleis styret i det vidare bør involverast i denne saken. Styret framheva behovet for at Sjukehusapoteka Vest set seg i førarsetet regionalt i denne prosessen, og at organisasjonen vert halden godt orientert heile vegen. AD informerte kort under same sak om vedtaket om at fullsortimentskrav til legemiddelgrossister fell bort med verknad frå 01.01.2015.

Vedtak (samrøystes):

Styre tek meldingane til orientering.



O 65/13 Rapport frå verksemda per november 2013

Oppsummering:

HR-avdelinga har hatt fokus på organisasjon, arbeidsmiljø, leiing og medarbeidarskap siste året. Vi har og hatt tett oppfølging av sjukefråvere. Med unntak av juni og juli har sjukefråvere gått ned i 2013 samanlikna med 2012.

Aktiviteten på fagsida siste periode er fortsatt knytt til oppfølging av kundeundersøking, kvalitetsprosjekt, beredskapsøvingar og miljøsertifisering. Planlegging av tiltak for å auke margin på varesal i publikumsekspedisjonane har krevja både interne og innleidde ressursar.

SAV har ved utgangen av november omsetning som ligg 8,7 mill. under budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 7,5 mill. lågare budsjettmålet. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 0,5 mill. over budsjett og 2,9 mill. under budsjett. Samla gjev dette eit resultat per november på 6,6 mill. noko som er 5,7 mill. under budsjett.

I verksemdsområda har det i 2013 vore høg aktivitet og god inntening i PRO og avdeling 145 med resultat høvesvis på 9,3 mill. og 1,3 mill. over budsjett. Både SHE og PUB viser resultat på høvesvis 8,0 og 6,2 mill. under budsjett, noko som skuldast lågare omsetning og høgare varekost enn budsjettert. Innan AFR er resultatet 3,1 mill. under budsjett, då spesielt knytt til manglande leveransekapasitet ved Sjukehusapoteket i Bergen (SiB).

Styret framheva dei gode resultatata ein ser i høve til arbeid med sjukefråvere ute på den einskilde avdeling.

På fag-sida etterspurde styret framdrift i utarbeiding av revidert beredskapsplan og framdrift i prosjektet «Kvalitetssatsing i SAV». Førstnemnd blir lagt fram for styret tidleg i 2014, og sistnemnde har blitt noko forsinka grunna behov for avklaringar av ressursar opp mot HVIKT og mot systemleverandør, men setjast i gang i disse dagar.

Samstundes oppmoda styret administrasjonen til å fokusere ytterlegare på auka kvalitet i prognosearbeidet i 2014. som eit ledd i dette ønskjer styret en grafisk framstilling i rapporten av resultatutvikling versus budsjett og prognose. Dei ønskjer også at siste månadens resultat kjem fram eksplisitt i rapporten, slik at rapporten blir enklare å lese i høve til førre periodes rapport.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapporten til etterretning.



B 66/13 Risikovurdering 3. tertial 2013

Oppsummering:

Nye element tatt inn i rapporten:

Tertial 1	Ingen
Tertial 2	Ingen
Tertial 3	Ingen

Element med redusert risiko og tatt ut av rapporten:

Tertial 1	Ingen
Tertial 2	Redusert risiko: E 1.2a; E 1.3a; E 1.4b; E 2.2a; E 3.1b; E 3.2b
Tertial 3	Redusert risiko: E 2.1.a); E 1.2 b); E 1.4.a); E 2.1 a); E 2.1 b); E 2.2 a); E 2.3 a); E 3.1 a); Risikoelementet kan tas ut: E 2.4 a)

Viktigaste endringar i rapporterte element:

Tertial 1	<p>E 1.3.a «SAV manglar tilstrekkelig kunnskap om kundenes behov»: GAP-Vision kundeundersøking er gjort og område for betring er avdekket. Risiko redusert frå 16 til 12.</p> <p>E 2.4 a «Ansvar- og oppgåve-delning mellom apotek og stab er ikkje optimal»: Det er felles forståing av prinsippa for ansvar hos Apotekar og AD/stab. Det er mogeleg å sentralisera, og venteleg redusere kostnader utover det som er gjort. Risiko redusert frå 16 til 8.</p> <p>E 3.2 b «SAV bidrar ikkje med utvikling av relevant innhald i utdanningsløpa for farmasøytar og apoteketeknikarar»: Fagdirektør har hatt møte med leiar farmasiutdanninga i Bergen, og Forsknings- og undervisningsleiar vil delta fast i programutval for studentundervisninga. UiB ønskjer at SiB tek på seg undervisning av studentane i Galenisk farmasi (produksjon av legemiddel) i SiB sine lokale. Moglegheit, kostnader og personalressursar vert no greidd ut. Det skal opprettast kontakt med utdanninga for apoteketeknikarar i Bergen. Risiko redusert frå 12 til 9.</p>
Tertial 2	<p>E 1.2 a) SAV manglar kapasitet på enkeltområde eller totalt: Situasjonen er betre kartlagt. Farmasøytiske tenester er området der kapasiteten vert mest råka. Tiltaket gir betre styring og prioritering. Risiko redusert frå 12 til 9.</p> <p>E 1.3 a) SAV manglar tilstrekkelig kunnskap om kundenes behov: For privatkundar er kundebehova nå betre forstått og tiltak i planlegging. For proffkundar er biletet meir komplekst, men tiltak er i planlegging, mellom anna ved meir støtte frå FAD. Risiko redusert frå 12 til 8.</p> <p>E 1.4 b) SAV er ikkje føretrekt leverandør for pasientar som byter omsorgsnivå Det er tettare kontakt mellom aktuelle sjukehusavdelingar og PUB. Lager av til dømes sjukepleiemateriell er betre avstemt mot avdelingane sine ønske. Risiko er redusert frå 12 til 9.</p> <p>E 2.2 a) SAV har for lav margin (manglande inntening) eller for høy margin (ikkje konkurransedyktig) på viktige varer eller tenester Møte med sjukehuskundane om leveransar i 2014 vert samordna av FAD. Ein legg til grunn normal kostnadsdekking for alle avdelingar og nettverk der SAV sel tenester. Ein arbeider med felles materiell for presentasjon av standardiserte tenester. Prisane er gjennomarbeid og meir kostnadsrette. Det føreligg konkret plan for å auke sal av hudpleieprodukt og sjukepleieartiklar i publikumsutsala, og dette vil bidra til auka inntening. Planen er knytt til opplæring, sals-trening og verktøy for resultatkontroll per dag eller veke. Handelsvaresortimentet er segmentert for å gi betre kontroll. Risiko er redusert frå</p>



	<p>12 til 9.</p> <p>E 3.1 b) SAV klarer ikkje å halde på viktig kompetanse Omorganisering på avdelingsleiarnivå, fleksibilitet i organisasjonen osv. kan gjere karriere i SAV meir synleg og attraktiv. Risiko redusert frå 12 til 8.</p> <p>E 3.2 b) SAV bidrar ikkje med utvikling av relevant innhald i utdanningsløpa for farmasøytar og apotekteknikarar HR har nå på plass medarbeidar som fokuserer på dette. Samarbeidet med UiB er i positiv framgang. Risiko redusert frå 9 til 6.</p>
Tertial 3	<p>E 2.1.a) SAV dekker ikkje etterspurt behov for farmasøytisk rådgjeving (Risiko redusert frå 9 til 3)</p> <p>E 1.2 b) SAV manglar kompetanse (Risiko redusert frå 12 til 8, men må fortsatt overvakast)</p> <p>E 1.4.a: SAV vert ikkje brukt som farmasifaglig ressurs grunna pris/ kostnad (Risiko redusert frå 12 til 8)</p> <p>E 2.1 a) Kvalitetssystemet har ulik prosess/ prosedyre for same arbeidsoperasjon i ulike apotek (Risiko redusert frå 16 til 12; analyse kring sjukehusekspedisjonen i Bergen er i gang og vil sette standard for dei andre apoteka).</p> <p>E 2.1 b) Kvalitetssystemet vert ikkje etterlevd (Risiko redusert frå 20 til 15 grunna meir fokus frå leiinga)</p> <p>E 2.2 a) SAV har for lav margin (manglande inntening) eller for høy margin (ikkje konkurransedyktig) på viktige varer eller tenester (Risiko redusert frå 9 til 6 grunna kostnadsrett prising av tenester, og førebudd auke i sal av varer med høg margin i publikumsutsala).</p> <p>E 2.3 a) Vare- og pris-registrene er ikkje korrekte til kvar tid (Risiko redusert frå 15 til 9 grunna betre styring på vare- og prisregister).</p> <p>E 2.4 a) Ansvar- og oppgave-delning mellom apotek og stab er ikkje optimal. (Risiko redusert frå 8 til 4 gjennom etablert og føremålstenleg samarbeid stab – linje i Driftsforum og Faggrupper. Risikoelementet kan tas ut.)</p> <p>E 3.1 a) SAV klarer ikkje å trekke til seg dei best kvalifiserte på viktige kompetanseområder : God respons på utlysing av farmasøytstilling i Bergen; fortsatt usikkert utanfor Bergen. (Risiko redusert frå 16 til 8.</p>

Vedtak (samrøystes):

Styret tar risikovurdering 3. tertial 2013 til etterretning.

Styret bed administrasjonen i SAV styremøte i februar 2014 (i høve til vedteke årshjul for SAV styret) legge frem kva risikomoment frå 2013 dei eventuelt anbefaler å ta med vidare i risikovurdering i 2014, samt anbefale nye område som bør tas inn i risikorapportering neste år.

B 67/13 Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2013

Oppsummering:

Mal frå Helse Vest RHF er nytta til rapportering av Sjukehusapoteka Vest sin oppfølging gjennom 2013 av de måla som Helse Vest har satt i styringsdokument for Sjukehusapoteka Vest for 2013. I føretaksmøtet i mars 2014 vil Helse Vest RHF ha oppfølging på punkter kor Sjukehusapoteka Vest eventuelt ikkje har levert i høve til målkrav.

Generelt var styret nøgd med rapporten, men hadde innspel til utfyllande informasjon på nokre område, og peika på nokre faktafeil. For å kvalitetssikre dokumentet var det semje om at konkrete innspel og rettingar blir sendt til administrasjonen for innarbeiding i dokumentet.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2013 med dei merknader som framkom i møtet.



B/O 68/13 Eventuelt

Oppsummering:

Ingen saker var meldt.

Vedtak (samrøystes):

B 69/13 Budsjett for Sjukehusapoteka Vest HF 2014

u. off. jf. Offentleglova § 23.1

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtek budsjett for 2014 med eit resultat på 10 mill. kroner.

Styret ber administrasjon starte arbeidet med vurdering av budsjettmessige konsekvensar av ESA-vedtaket, med mål om at PUB skal være i balanse i løpet av 2015.

B 70/13 Styre si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør

u. off. jf. Offentleglova § 14 første ledd

Vedtak (samrøystes):

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

Ingen

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møtet:

Oppdatert Sak 42/13 Møteplan 2014 for styret.

Oppdatert Sak 51/13 Revidert styreinstruk for Sjukehusapoteka Vest HF



Ref. Ola Rye

19.12.2013

Ragnhild Osmundsen
Styreleiar

Clara Øberg
Nestleiar

Wenche Haffnes Andersen

Kjetil Hustoft

Per Karlsen

Lisbet Karin Nærø

Odd Søreide

Bente Mari Rolfsnes

Nina Carstens

Marianne Saugestad